

Stord Hestesportssenter
Co/Stord ride- og køyrekubb
Postboks 725
5404 STORD

Stord, 09.01.2013

Hordaland Fylkeskommune
v/Britt Karin Spjeld

SØKNAD OM FYLKESKOMMUNALT INVESTERINGSTILSKOT TIL IDRETSANLEGG MED REGIONAL OG NASJONAL VERDI

Stord er regionssenteret i Sunnhordland, som består av sju kommunar inklusiv Stord. Stord kommune har om lag 18 000 innbyggjarar medan regionen Sunnhordland har kring 60 000 innbyggjarar. Rideklubben og dermed Hestesportssenteret har per i dag medlemmer frå Stord, Fitjar, Bømlo og Tysnes. I Sunnhordland er det ingen store rideanlegg, berre mindre stallar og nokre utandørs ridevolter, men ingen anlegg der en kan drive konkurranseriding eller trenere på heilårsbasis. Det er fleire hundre hestar i Sunnhordland i dag, og talet er stadig aukande her som elles i Noreg.

Stord Hestesportssenter BA vart stifta i 1995. Det består av Stord ride- og køyrekubb og Stord travlag. Total medlemsmasse er kring 120 pr i dag. Hestesportssenteret har sidan 1995 leidt eit område i Prestegardsskogen på Stord der det er opparbeida ridebane og trav/rundløype. Dei som nyttar anlegget i dag må ri eller køre hesten til og frå same dag. Det finnes heller ikkje straum eller vatn på anlegget slik at det er særskilt vanskeleg å ha arrangement der. I tillegg er banedekket utslite og svært hardt. Det er ikkje stall knytt til anlegget og vidare utbygging av anlegget slik det opphavleg var tenkt, med oppføring av stall og ridehus, er no i konflikt med andre brukarinteresser.

No har Stord Hestesportssenter fått avtale om ei godt eigna tomt på Tveita Gard, med 40 års leigeavtale. Området blei i vinter regulert til hestesport i forbindelse med rullering av kommuneplanen. Senteret vil ligge i eit område med lite interesse-konfliktar og få god tilkomst frå E39. Det blir nabo til det privateide Stord Islandshestsenter, og elles ligger det nær skog og mark. Samlokaliseringa med Stord Islandshestsenter, som fleire gangar har arrangert NM for islandshest, må sjåas på som gunstig for både islands-, trav- og ridehestmiljøet da ein har mange felles interesseområder i forhold til trening og kurs, og vil få større fleksibilitet til å huse større arrangement. I tillegg er det mangel på stallplasser også for islandshest. Eit slikt fleirbruksanlegg for hest vil vera ganske unikt.

Hestesportsanlegget er med blant planlagde idrettsanlegg i Stord kommune sin kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, og er et anlegg som Stord idrettsråd har prioritert på si liste da det er behov for fritidstilbod som også engasjerer jenter. Kommunen (og nabokommunene) har også bevegelseshemmede som må fraktes svært langt for å få delta i rideaktivitet.


Med nytt anlegg, som skal samla hestemiljøet og gje høve til å driva aktivitetar gjennom heile året, vil Stord Hestesportssenter bidra til auka aktivisering av barn og unge, både jenter og gutter, samt tilby funksjonshemmede hestesportsaktivitetar. Det er viktig at det nye anlegget vert laga slik at det er eigna for å arrangere konkurransar, då dette er viktig for motivasjon, lokal rekruttering og inntekt på anlegget.

Anlegget vil bestå av:

- utandørs ridebane 40 x 60 meter
- ridehall 21,5 x 60 meter (innvendig mål ridebane) med tribune
- treningsløype for både trav og ridehestar på om lag 800meter,
- stall med plass til 36 hestar i same bygning som ridehallen
- påstigingsrampe til funksjonshemma slik at dei kan stige av og på hest
- garderobe, klubb/møtelokale, kontor og kafé
- reiskapshus, gjesteboksar og isolatboks for sjuke hestar
- parkering for bilar, samt vogner og hestehengarar.

Hovudbygningen, som ridehallen er ein del av, vil vera universelt utforma og slik vere mogleg å nytte også for funksjonshemma. Anlegget er forhåndsgodkjent i Kulturdepartementet i forbindelse med innsending av tippemiddelsøknaden.


Anlegget skal vera mogleg å bruka for hestar som ikkje har fast plass på stallen, og me vil leggja til rette for at personar som ikkje disponerer hest kan få ri. Det er eit viktig mål å starta rideskuledrift på anlegget. Det er også mogleg å utvide anlegget dersom det blir behov i fremtida.




Situasjonsplan for hestesportsanlegget.




Plassering av anlegget på Tveita Gard. Trav/rideløype i front, hovudbygg med stallar i bakkant. Til venstre E39 og skog som fører opp til utmark/fjellterregn, til høgre Stord Islandshestsenter. Det er tilgrensande beite som me har avtale om å leige. Anlegget kan også utvidast.



Fasade hovedbygg



Planteikning av hovedbygg med stallar, kafe og garderobar.



3D-illustasjon av ridehall med staller og klubblokale/kafe'.

Brukarpotensial

Nasjonale kartleggingar har vist at det er underdekning av rideanlegg i Hordaland. Det planlagte anlegget vil vera det einaste heilårsanlegget i Sunnhordland. Sunnhordland har om lag 60000 innbyggjarar.

Stord Ride- og Køyrekklubb har dei siste åra hatt auke i medlemstalet, og klubben har no 90 medlemmar sjølv utan fellesstall. Aktiviteten i klubben skjer stort sett på ridebanen. Det vert arrangert ridekurs tre dagar i veka i sommarhalvåret, og me inviterar fleire gonger i året lokalbefolkinga til å komme å ri. Dette er svært populært tross for at anlegget manglar parkering, tribune og sanitærutstyr. Klubben arrangerer også Grønt Kort kurs for å sikre at nye ryttarar får opplæring i sikker bruk og handtering av hest. Fleire helgar vert det også arrangert kurs med tilreisande kyndige hestefolk. Me har også nokre medlemmar som er ivrig med bruks- og presisjonskjøring med hest.

Sunnhordland travlag har i dag nær 30 medlemmar tross liten og ingen aktivitet på øya. Løypa me har i dag ikkje tilgang til treningsløype for travhest, sidan golfbanen er plassert heilt inntil løypa, noko som har skapt fleire farlege situasjonar. Det er fleire i travlaget som har travhest i trening andre steder i landet i påvente av egna treningsfasilitetar.

Stord Hestesportssenter ser eit stort behov for eit nytt stort anlegg med moglighet for fleirbruk, der det er rom for både ride- og kjøre/travhest, og der ein kan trenere på heilårsbasis slik at ein kan hevda seg i konkurransar i sprang, dressur, kjøring og trav. Rideklubben har fleire aktive konkurranserytтарar på distriktsplan, men dårlige treningsforhold gjer det vanskelig å trenere skikkeleg i vinterhalvåret. Det er langt til nærmaste ridehall kvar ein kan trenere sprang/dressur. Me må da reise med bil og ferje til Bergen, eller køyre til Haugesund (min. 1 time kjøretid). Dette vert veldig dyrt pga. bomveg/ferge og tek lang tid så det ikkje let seg gjennomføre i kvardagen.

Hestesportssenteret har vore i kontakt med lokale kontaktpersonar for Norsk Forbund for Utviklingshemma som melder interesse i forhold til aktivitetar til hest og ynskjer eit tilbod til sine medlemmer på Stord.

Med høve til å ha 41 hestar på stall og anslagsvis 30 hestar som kjem frå kringliggende stallar (10-20min skrittgang) og nytter anlegget på vekebasis til trening, vil ein ha ein stor brukarskare. I tillegg kjem hestar frå stallar med nokre lengre kjøreveg som er ivrige å trenere, men ikkje har treningsfasilitetar på heimpllassen. For kvar hest er det oftast et par familiar som er engasjert i bruk og stell, og når me nå får kafé, klubbhus og tribune vert det kjekkare å vera med og for dei som ikkje rir sjølv. Me vil også tilby ridetimar for dei som ikkje har egen hest eller passar ein fast hest.

Anslagsvis vil 500 personar besøke og nytte anlegget regelmessig, og fleire i forbindelse med konkurransar. Det er mogleg å utvide anlegget på sikt dersom behovet for stallplassar eller treningsareal aukar.

Eigarforholdet

Stord hestesporstsentret består som tidligare nemnt av Stord Ride og Køyrekklubb og Sunnhordland travlag. Det har bestått sidan 1995. Gjennom denne perioden har me samarbeida om det noverande anlegget. Dette samarbeidet har vore utan vanskar og me har heile tida hatt felles interesser og semje rundt satsing. Grunneigar er og med i styret og slik har alle interessentar høve til å kome med innspel og merknadar. Det skal ikkje takast utbytte og dersom hestesporstsentret går med overskot skal det kome senteret til gode.

I disse dagar har me sendt inn endringsmelding til Brønnøysund registeret om å bytte frå BA til Samvirkeforetak.

Finansiering

Det er et kostbart prosjekt me skal gjennomføra. Me har søkt tippemidlar i 2012. I tillegg må me finansiera anlegget med eigenkapital og lån. Totalkostnad vil komme opp i ca 25 millionar inklusiv moms. Mei har søkt om 5,8 millionar i tippemidlar, klubbene vil bidra med om lag 3 millionar i dugnadstimar, og resten må me finansiera med lån og gåver / sponsing. Me vil søkja om å få momsreduksjon. Oversikt over finansieringa er vedlagt. Me vil søkja mellomfinansiering av tippemidlar via kommunalt kraftfond. Slik kommuneøkonomien er i dag har ikkje kommunen råd til å gi direkte tilskot til bygging.

Investeringsbudsjett

Tiltak	Innkjøp			Dugnad		Mva	Sum NOK
	Tjenester	Utstyr	Total NOK	Timer	NOK		
Ridehus	2 042 100	3 041 800	5 083 900	1 340	678 000	857 975	6 619 875
Staller med luftegårder	499 000	2 817 530	3 316 530	1 480	740 000	666 633	4 723 163
Klubbhus	505 000	1 793 500	2 298 500	1 150	460 000	481 979	3 240 479
Garderober	508 500	1 477 000	1 985 500	800	400 000	346 604	2 732 104
Ridebane utendørs	846 600	1 186 000	2 032 600	460	230 000	220 650	2 483 250
Ridesti - kjørertrase	1 770 000	850 900	2 620 900	760	380 000	230 225	3 231 125
Redskapshus/lager	644 214	1 029 000	1 673 214	1 020	437 500	267 054	2 377 768
Total	6 815 414	12 195 730	19 011 144	7 010	3 325 500	3 071 118	25 407 763

Finansieringsplan

Finansiering	Tippemidlar	Rabatt frå Fronta	Program-satsningsmidler	Dugnad	Egenfinansiering / lån*	
Ridehall	1 500 000	1 700 000	2 200 000	555 000	664 875	
Staller	1 000 000	650 000	1 000 000	590 000	1 483 163	
Klubbhus	700 000	370 000	400 000	400 000	1 370 479	
Garderober	500 000	600 000	400 000	350 000	882 104	
Ridebane ute	700 000	1 150 000		200 000	433 250	
Ridesti - kjørertrase	700 000	1 700 000		350 000	481 125	
Redskapshus & gjestestall	700 000	605 000		397 500	675 268	
Totalt	5 800 000	6 775 000	4 000 000	2 842 500	5 990 263	25 407 763

* Vi vil søke om momsfritak for investeringene

Driftsbudsjet

Driftsbudsjet for dei første to åra er vedlagt. Det er svært stor interesse for å flytte inn på det nye senteret, men me har vore forsiktige og antar at det ikkje er fulltaleg dei første åra, mens senteret er i utviklig. I den første perioden vil nokre av dei private hestane nyttast til rideskuletimar med innleid instruktør. Nokre av medlemmane synes dette er greitt for å redusere kostnadane sine, og har eigna hestar.

På sikt ser me for oss å ha ein person som driv stall og rideskule, og det er avsett plass i hovudbygget til ein leilighet. Ein hesteutstyrbutikk har meldt interesse for å etablere seg i anlegget.

Me vil fasa utbygginga av anlegget slik at me raskt får opp ridehus med stallar, for så å få inn inntekter og lettare kunne utføre dugnad. Så ferdigstiller me anlegget med kafé, klubhus, tribuner og reiskapshus trinnvis, mens me ventar på tildeling av tippemidlar. Dette for at ikkje lånet skal verte for høgt i startfasen.

Driftsbudsjett

Beskrivelse	1. ÅR		2. ÅR	
	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter
Administrasjon, inkl. revisor	15 000		20 000	
Straum	80 000		80 000	
Kommunale avg	35 000		40 000	
Vedlikehald	50 000		80 000	
Utgifter - renter- løn 6 mill	408 000		408 000	
Foring / utslepp	52 800		66 000	
Reinhold	15 000		25 000	
Forsikring	15 000		20 000	
Tømming / reingjering av møkkabinge	30 000		40 000	
Drift/vedlikehold av traktor osv.	25 000		30 000	
Stall og bruk - leige (1500,- per hest/mnd)		432 000		540 000
Bruk av anlegget for andre		37 500		37 500
Utleige butikk/saltilpasser		10 000		25 000
Arrangement		40 000		40 000
Salg kafe		40 000		40 000
Løpende sponsorinntekter / arenareklame		100 000		100 000
Betaling fra oppstallører foring / utslepp		52 800		66 000
Nettoinntekt ridetimer		30 000		80 000
Totalt	725 800	742 300	809 000	928 500
Resultat		16 500		119 500

Framdriftsplan

Arealet som anlegget skal byggjast på er avsett til formål "hestesport" i kommuneplanen. Ridebane og ride/køyretrasé er nesten ferdig, og manglar berre toppdekke. Me håpar å starte bygging av ridehall og stall i løpet av våren/sommaren slik at det vert klart for innflytting i andre halvår 2013, men er her heilt avhengig av å få finansieringa på plass først.

Me meinat eit regionssenter som Stord bør ha eit skikkeleg innan- og utandørsanlegg for hestesport. Hestesporten er en sport som er aukande over heile landet og me meinat at senteret vil vera eit løft for hestesporten på Stord og i Sunnhordland. ECON-rapport nr. 2005-016 "Ridesporten i vekst – Forslag til anleggsstrategi for Norges Rytterforbund" viser også at Hordaland er eit av dei områda i landet med dårligast dekning av rideanlegg.

Me vil og vise til fylkesdelplanen s. 33 og 34, som identifiserer behov innan hestesport.

Dette anlegget vil vera eit moderne, stort anlegg som vil gje oss i stand til å arrangera større stemner og stemner på nasjonal nivå. Me har medlemmar med breid hesteinteresse, og varierte bruksmåtar med hest. Me kan arrangere nm for Fjordhest, nm for Nordlandshest, og dressurstemner på nasjonalt nivå. I tillegg kan me i samarbeid med islandshestsenteret arrangera nm for Islandshest. Me kan og arrangera større stemner innan sprangridning. Anlegget vil ha store og varierte bruksmåtar.

Me har fått 4 millionar i stønad frå Kulturdepartementet til anlegget då det vert rekna som eit særleg kostnadskrevjande anlegg. I Sunnhordland er som nemnt hesteinteressa aukande, og me håpar at Fylket og vil bidra til at me kan realisera anlegget.

Ta gjerne kontakt for ytterlegare informasjon.

Mvh

Stord Hestesportsenter

Eirill Hatlevik

Siren Hinderaker

Kontaktinformasjon:

Eirill Hatlevik, mobil 41915866 e-mail: eirillha@yahoo.co.uk

Siren E. Hinderaker, mobil 92220894 e-mail: sireneh1971@yahoo.no